

Er Raudt eit miljøparti?

Raudt har den siste tida fått stadig større oppslutning blant folk som er engasjert i natur- og miljøvern. Ikkje minst har mange merka seg at Raudt, som einaste av stortingspartia, har gått mot all vidare vindkraftutbygging. Har Raudt gjort seg fortent til æra som det fremste miljøpartiet? Under tvil vil eg svare ja. Ikkje fordi praksisen er god nok, men fordi andre parti dessverre er enno dårligare. Min konklusjon er at det beste vi kan gjøre for miljøet på valdagen er å røyste Raudt, alle andre dagar bør vi arbeide for å forbedre miljøpolitikken og praksisen både til Raudt og alle andre parti i landet.

Kva er eit miljøparti?

Ei rekke parti smykkar seg med tittelen miljøparti, i første rekke MDG, SV og V, men også Ap kallar seg innimellom miljøparti. Sp skal stå for dei grøne verdiane, KrF er partiet som med Guds hjelp skal ta vare på skaparverket, mens Høgre har slukt det grøne skiftet og gjort det til sitt eige. Korleis skal vi skilje klinten frå kveiten her? Kva er eit reelt miljøparti? Derom er det sjølv sagt mange meiningar, men eg vil prøve meg på ein definisjon: *Eit miljøparti er eit parti som legg til grunn for heile politikken sin at vi må sette langsiktig forvaltning over kortsiktig profitt, at rovdrifta på natur og ressursar ikkje kan fortsette, og at vi må stanse både klimautsleppa og nedbygginga av natur på land og sjø. At vi må verne om både inngrepsfri natur, nærnatur og restnatur, og fremme bærekraftig naturbruk.* Men profitt meiner eg ikkje bare profitten til private og offentlige selskap, men også partia sin eigen fortjeneste i form av røyster, posisjonar og inntekter.

Parti i spagat

For 5 år sidan gjorde eg ei undersøking om partia sine standpunkt til mineralutvinning. Ut frå Raudt sitt svar oppsummerte eg partiet slik: "Mellom miljøparti og industriparti". Dette gjeld ikkje bare for gruver, men også for vindkraft, olje og ei rekke andre spørsmål. Denne motsetninga har prega partiet med forgjengarar heilt frå starten. Innafor venstresida har Raudt konkurrert med SV om å vere det beste miljøpartiet, samtidig som ein har konkurrert med Arbeidarpartiet om å vere det beste industripartiet. På turnspråket kallast denne øvinga for spagat. Det er ei krevande øving, og ein kan fort forskreve seg.

Program og praksis

Skal ein vurdere politikken til eit parti på eit bestemt område, som miljø, må ein vurdere det frå fire sider:

- Kva partiet har vedtatt i form av prinsippprogram, arbeidsprogram, landsmøte- og landsstyremøter.
- Korleis partiet sjølv presenterer politikken på dette området, bl.a. på eigne nettsider.
- Korleis partiet sine representantar røystar i folkevalde organ.
- I kva grad partiet sine medlemmar engasjerer seg i organisasjonar og aksjonar på dette området. Eg vil her prøve å bruke denne analysemetoden på miljøpolitikken til Raudt.

Prinsippprogrammet: Miljø som grunnlag eller sarsak?

Raudt sitt prinsippprogram av 2019 seier at partiet sitt verdigrunnlag er *Likeverd, fridom, solidaritet og fellesskap*. Natur og miljø er altså **ikkje** ein del av det sentrale verdigrunnlaget. I det første kapitlet nemnast det at det er motsetning mellom kapitalisme og naturen sine tolegrensar, og at sosialismen må vere i pakt med naturen, men elles er natur og miljø på ingen måte framtrekkande her.

I Kapittel 2 – Kapitalismen, er naturen nemnd først heilt på slutten, og da som spørsmål om klima. *"Slik verkar statane sine handlingsrom svært avgrensa, stilt overfor den mest alvorlege trusselen mot menneskeslekta; menneskeskapte klimaendringar."* Raudt har altså programfesta at klimaendringane er den mest alvorlege trusselen, ikkje øydeleggingane av naturområde og artar gjennom arealinngrep og forureining. Dette er stikk i strid med konklusjonane i FN sitt naturpanel,

og sjølv om det nok ikkje er meininga, passar det midt i blinken for dei som vil ofre natur for klima.

Miljøspørsmål kjem sterkare i kapittel 3. *For ein grøn sosialisme og ein berekraftig industri*, men dette kapitlet er også prega av at klimaendringane blir sett som den eine store saka, og her er inga åtvaring mot at klimatiltak kan føre til rasering av natur.

Arbeidsprogrammet – Sterke miljøkrav

Arbeidsprogrammet til Raudt er eit gigantisk dokument på heile 110 sider, der 14 sider er via tema Miljø. I tillegg kjem miljøpolitikk, evt. mangel på sådan, også fram i andre delar av programmet, som industripolitikk, ressursforvaltning og samepolitikk. Når eg les programmet, finn ein svært mye eg finn grunn til å skryte av. Det er ingen tvil om at dersom dette var blitt gjennomført, ville stoda for miljøet i Noreg vore langt betre enn i dag og at Noreg da også hadde vore eit føregangsland for klima og miljø i verda. Spesielt vil eg trekke fram at programmet avviser ideen om grøn vekst. Andre klare standpunkt som eg set særlig pris på er nei til all vidare vindkraftutbygging og at det skal vere samisk vetorett mot naturinngrep i samiske bruksområde. Eg vil ikkje bruke plass på å ramse opp meir gode ting, men ta opp eit par spørsmål som kan trekke i retning av å undergrave nokre av dei gode krava.

Miljø og natur kjem langt ut i programmet, etter økonomi, arbeidsliv og velferd. På det viset blir ikkje dette grunnleggande for partiet sin ideologi og arbeid, bare eit punkt blant mange andre.

Igjen kjem klima foran natur, noko som kan gi inntrykk av at klimaendringane i staden for å vere ein del av naturøydeleggingane, er noko heilt for seg sjølv som kan behandlast uavhengig av tilstanden for naturen.

Krav i andre delar av programmet kan slå i hel eller i alle fall motvirke gode krav i miljøpolitikken. For Raudt gjeld dette særlig industripolitikken. Det er bra at ein går inn for gjenreising av mye av den industrien som er nedlagt og utflagga, men meir tvilsamt at ein set auka eksport som mål, utan at dette er sett i samanheng med miljøverknadane. Frå eit globalt miljøperspektiv må vel heller målsettinga med norsk industri vere auka sjølvberging, og dermed **reduert** import og eksport.

Oppsummert syns eg trass desse innvendingane at Raudt består prøva som miljøparti ut frå programma. Men kva med praksis?

Nettsida: Kor er miljøet?

Dei aller færraste les heile partiprogram, i alle fall når dei er så lange som hos Raudt. Mens program er vedtatt av landsmøte, ofte etter hard debatt, er nettsida ein stad der den valde og tilsette partileiinga uttrykker partiet sine prioriteringar i praktisk politikk. Når vi går inn på nettsida til Raudt, lyser det mot oss: *"For Rødt er kampen mot Forskjells-Norge den aller viktigste. Les mer om vår hovedsak >"* Raudt har altså **ei** hovedsak. Det er verken fred i verda, slutt på fattigdom og utbytting i fattige land eller kamp mot naturrasering og klimaendringar. Det er forskjellane som er innafor det rike, norske hjørnet i verda. Det er så nærsynt og navlebeskuande at det er ikkje til å tru, og det er **ikkje** i samsvar med dei gode analysane som er gjort i programma.

Eit forsøk på å finne ut av miljøpolitikken til Raudt frå nettsidene ga skremmande resultat. Eg starta på forsida, gikk til **POLITIKKEN** og fikk opp ei lang alfabetisk liste over saker som Raudt meiner noko om. Der valde eg stikkordet **ENERGI**. Der kom eg rett på overskrifta **OLJE** og der er utsnitt av arbeidsprogrammet om energi: 11 punkt om olje, 2 om atomkraft. Ingenting om energiforbruket skal gå opp eller ned, ingenting om vindkraft, vasskraft eller kraftleidningar.

På same sida er det link til *"Rødts plan for en fornybar framtid"*. Det er rett nok oppgitt at dette er utgitt i 2011, men her er ingen forbehold om at politikken er endra sidan. For lesaren må det derfor oppfattast som partiet sin politikk. Her finn vi:

"Vind vil være en viktig energikilde i framtida, og det er et stort potensial for å skape nye arbeidsplasser innen vindkraftnæringen. Norge har det beste vindkraftpotensialet i Europa, men er blant landene med færrest vindmøller. ... Norge må ta del i disse utbyggingene for å sikre at denne teknologikompetansen fortsatt skal finnes hos norske forsknings- og industrimiljøer. ... Vindkraftutbygging til havs krever en del av den samme teknologien som i dag blir brukt i utvinning

av olje og gass, slik at mange av de bedriftene som i dag leverer utstyr og tjenester til olje- og gassutvinning enkelt kan bli omdannet til vindkraftindustri. Samtidig er den kunnskapen som kommer av landbasert vindkraft viktig for framtidige havbaserte prosjekter."

Med andre ord ein politikk stikk i strid med den som er vedtatt på siste landsmøte. Kvifor? Da den tidligare positive haldninga til vindkraft blei endra først med vedtak mot vindkraft på land i 2019, seinare også mot vindkraft til havs i 2020, skjedde det gjennom hard kamp. Det siste vedtaket skjedde med knapt fleirtal, stikk i strid med partileinga sitt ønske. Vi må derfor spørje om det er slik at nettsida er redigert av den fløyen som tapte kampen om vindkraft på landsmøta? Vidare leiting gir dessverre meir grobottn for den teorien. Under stikkordet *NATUR* er eit utval av greie krav frå arbeidsprogrammet, men dei omstridde krava, som nei til vindkraft, manglar, sjølv om dette i dag er eit av dei aller største trugsmåla mot naturen i Noreg. Langt meir står under stikkordet *KLIMA*. Der er det mest om tiltak for industriutbygging og at klimaomstillinga må vere sosialt rettferdig. Vindkraft er nemnd som eit av trugsmåla mot naturmangfoldet, men det er ikkje nemnd at Raudt faktisk har vedtatt å gå mot all vindkraftutbygging.

Kort oppsummering: Nettsidene gir eit mye svakare inntrykk av Raudt som miljøparti enn det programma gjør. Partileinga ønsker tydeligvis inga prioritering av miljøspørsmål, og nedtonar eller underslår dei vedtaka som dei sjølve ikkje er samde i.

Utspel i media – industri foran miljø

Kjente tillitsvalde i Raudt har i ei rekke tilfelle kome med utspel i media eller deltatt i aksjonar og opprop i strid med det som no er gjeldande partiprogram.

Ikkje lenge før landsmøtet i fjor vedtok å seie nei til havvind, gikk partileiaren kraftig inn for stor havvindutbygging. Etter landsmøtet blei han stille, men andre kjente Raudt-politikarar har helde fram å promotere havvind, ikkje minst gjennom den såkalla Industriaksjonen.

I Helleland i Rogaland blei det i fjor presentert ein plan for ei gigantisk gruve, med dagbrot på opptil fleire kilometer i diameter. Kva gjør da Raudt lokalt? Stiller dei seg som forsvararar av naturen og miljøet? Nei, dei heiar på gruveplanen og krev at staten skal gå inn å drive denne gruva. Noko miljøkrav synest dei ikkje å ha.

Folkevalde organ – ei sjølvstendig kraft eller etterslep?

I organ som Stortinget, fylkesting og kommunestyre er det gjerne andre som set dagsorden, og Raudt si oppgåve blir på eine sida å reagere mot miljøfiendtlige utbyggingsplanar, på andre sida å reise miljøspørsmål til debatt. I mange tilfelle har dette vore gjort bra, eg vil spesielt her framheve Raudt i Nordland, som har vore klare forkjemparar for miljøet. Men det finst også fleire tilfelle av det stikk motsette:

I Hammerfest vedtok i 2021 kommunestyret ein samarbeidsavtale med Nussir ASA i samband med den omstridde koppargruva ved Repparfjorden. Mens SV og MDG røysta mot avtala, presterte Raudt sine kommunestyreprerantar å røyste for! Dei var ikkje for gruva, men såg saka som tapt, og ville derfor gjøre det meste ut av det. Først etter kraftige klager både innifrå og utifrå partiet, beklaga lokallaget dette vedtaket.

No pågår kampen om bygging av kraftlinje med monstermaster tvert gjennom Midt- og Aust-Finnmark, med målsetting å bygge ut meir vindkraft. I Troms og Finnmark fylkesting røysta representantane for Raudt for denne utbygginga! Så langt har vi ikkje sett verken noko forklaring på eller beklaging av denne røystinga, i alle fall ikkje offentlig.

Fråverande i miljøorganisasjonar

I AKP/(m-l) si glanstid på 1970-talet var det vanlig at partimedlemmane engasjerte seg sterkt i forskjellige "frontorganisasjonar". Blant dei organisasjonane der mange medlemmar gikk aktivt inn var den daverande miljøorganisasjonen (snm) – Samarbeidsgruppene for natur og miljøvern. Under Alta-kampen deltok ein stor del av AKP sine medlemmar i Folkeaksjonen både i Finnmark og resten av landet. Ser vi derimot på dagens miljøorganisasjonar, kan ingen av dei seiast å ha noko stort innslag av Raudt-medlemmar. Eg har heller inntrykk av at det er unnatak når Raudt-

medlemmar er engasjerte i miljøorganisasjonar.

Konklusjon:

Både på landsbasis og i fylke og kommunar har Raudt-representantar i ein del tilfelle gått både mot miljøskadelige planar og reist miljøspørsmål til debatt, men i forhold til den storleiken partiet no har og dei mange miljøproblema som burde vore reist, kan ein knapt seie at partiet har gått i spissen, verken i folkevalde organ eller media.

Ingen av dei mest kjente Raudt-leiarane har stått fram som spesielt opptatt av miljø. Eg har forsøkt å finne ut om nokon kunne kallast miljøtalsperson for partiet, men har ikkje registrert nokon.

For å forenkla det litt: Partiet synest å bestå av to fløyer: Ei miljøfløy, som nokre gongar vinn knapt på landsmøta. Og ei industrifløy, som dominerer leiinga og styrer politikken i praksis.

Trass alt eg har kritisert, meiner eg at av norske parti har Raudt den beste miljøpolitikken, eller skal vi heller seie den minst dårlige. Det er likevel langt fram til partiet kan seiast å gå i spissen for den miljøpolitikken vi treng.

Svein Lund
partipolitisk uorganisert miljøaktivist

PS. Om nokon etter å ha lest denne artikkelen lurar på kvifor eg ikkje er medlem i Raudt, så er det fleire årsakar til det. Men den viktigaste i denne samanhengen er ganske enkelt: Hadde eg vore det, kunne eg nok ikkje ha skrive denne artikkelen.